

Eksamen

05.06.2019

LBR3006 Økologisk landbruk 1

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkt og ditt forslag til løysing av oppgåva.• Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva.• Gjere rede for resultatet/konsekvensane av dine faglege val.• Meistre relevante grunnleggande ferdigheiter.• Bruke eksempel der det er relevant. <p>Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og påliteleg måte.</p>
Andre opplysningar	Eksamen inneheld 3 oppgåver. Du skal svare på alle tre.

Oppgåve 1 - Idegrunnlag og rammevilkår

- a) Drøft begrepa kortreist mat og rettferdig handel.
- b) I dag må Noreg importere ein del økologiske matvarer for å dekke etterspurnaden. Kva meiner du om det?
- c) Kva må til for å auke økologisk produksjon i Noreg?

Oppgåve 2 - Jordøkologi og jordkultur

- a) Beskriv ein god jordstruktur.
- b) Kva kan vi gjere for å bygge opp ein god jordstruktur i tre vanlege norske jordartar?
- c) Gi eksempel på tiltak som kan redusere tap av jord.

Oppgåve 3 - Plantekultur og husdyrhald

Ein gardbrukar driv i dag med økologisk sauehald. Dyra er på fjellbeite om sommaren. Innmarka vert nytta til produksjon av vinterfôr samt litt beiting vår og haust. På grunn av einseitig engdyrking med mykje gamal eng, slit bonden med mykje rotugras og låge avlingar. Bonden ønsker no å få inn ein kultur til i vekstskiftet, for å få større avlingar og kontroll på ugrassituasjonen.

- a) Vel ein ny kultur og set opp forslag til eit vekstskifte på garden. Grunngi valet ditt.
- b) God dyrevelferd får i dag mykje merksemd både hos produsentar og forbrukarar. Drøft korleis vi kan kombinere mål om god dyrevelferd med ønsket om god inntening.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og ditt forslag til løsning på oppgaven.• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger.• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg.• Mestre relevante grunnleggende ferdigheter.• Bruke eksempler der det er relevant.• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og pålitelig måte.
Andre opplysninger	Eksamen inneholder 3 oppgaver. Du skal svare på alle tre.

Oppgave 1 - Idegrunnlag og rammevilkår

- a) Drøft begrepene kortreist mat og rettferdig handel.
- b) I dag må Norge importere en del økologiske matvarer for å dekke etterspørselen. Hva mener du om det?
- c) Hva må til for å øke økologisk produksjon i Norge?

Oppgave 2 - Jordøkologi og jordkultur

- a) Beskriv en god jordstruktur.
- b) Hva kan vi gjøre for å bygge opp en god jordstruktur i tre vanlige norske jordarter?
- c) Gi eksempler på tiltak som kan redusere tap av jord.

Oppgave 3 - Plantekultur og husdyrhold

En gårdbruker driver i dag med økologisk sauehold. Dyra er på fjellbeite om sommeren. Innmarka brukes til produksjon av vinterfôr samt litt beiting vår og høst. På grunn av ensidig engdyrking med mye gammel eng, sliter bonden med mye rotgras og lave avlinger. Bonden ønsker nå å få inn én kultur til i vekstskiftet, for å få større avlinger og kontroll på ugrassituasjonen.

- a) Velg en ny kultur og sett opp forslag til et vekstskifte på gården. Begrunn valget ditt.
- b) God dyrevelferd får i dag stor oppmerksomhet både hos produsenter og forbrukere. Drøft hvordan vi kan kombinere mål om god dyrevelferd med ønsket om god inntjening.



www.vigoiks.no/eksamen